

## Innspel til midlertidig tilskotsordning gjennom Merkur-programmet:

Først ein honnør til departement, Merkur adm og andre som på kort tid har fått fram ei kompensasjonsordning og tiltak for å møte verknadene av Covid-19. Støttar ei slik ordning, men har kommentar til m.a. storleiken ut frå prinsippet om at det er tap ein bør få dekkja og ikkje vesentleg støtte utover dette. Vidare ser ein det som viktig at ordninga treff breiast muleg over tid.

1. Tap butikkar blir påført ved reduksjon i omsetnad er normalt bruttofortenesta som vil vere ca 25% av omsetnaden. Støttestas på 40% vil difor ligge altfor høgt i forhold til det tap butikkane normalt blir påført og støttesats bør difor settast til 25% for butikkar med mindre omsetnad enn 8 mill.
2. Butikkar med omsetnad 8 – 13 mill, vil normalt ha fleire tilsette enn dei under 8 mill. Desse butikkane vil ved vesentleg omsetnadsfall normalt permittere tilsette og slik få dekkja deler av lønskostnadene gjennom andre ordningar. Difor kan ein forsvare støttesats på ned mot 18-20% for butikkar med 8-13 mill i omsetnad.
3. Maks grense på tildeling for ein periode bør ikkje settast høgare enn kr 300.000,-. Dette vil representere eit omsetnadfall på 1,2 mill (gitt føreslått støttesats på 25%) og for ein periode på 2 mnd bør dette vere tilstrekkeleg for dei aller fleste butikkar i Merkur si målgruppe.
4. Samd i å gjere dette til ei rask og enkel ordning å administrere og for butikkane å søkje på. Difor ei god løysing at rapportane frå butikkdata eller anna kasseløysing, vert brukt til å avgjere omsetnadstapet samanlikna med same periode som i fjor. Dei alle fleste butikkar har i dag butikkdata knytt opp til kjede og der alt varesalg vert scanna og registrert rett inn i sentrale dataregister i kjeden. Dette vil gje eit påliteleg grunnlag for å avgjere storleiken på tap.
5. Frå Merkur adm si side er det uttrykt uro knytt til om dei 30 mill som er avsett, kan bli brukt opp nokså tidleg. Dette kan medføre at butikkar som får svikt i omsetnaden t.d. til sommaren kan risikere å ikkje få inndecka tap. Pkt 1-4 ovanfor blir difor ekstra viktig i fordelinga av tapskompensasjon over tid slik at ordninga treff breiast muleg. Dei som får omsetnadssvikt tidleg, t.d. fjellbutikkar, kan med støttesats på 40% bli overkompensert medan dei som får oms.svikt til sommaren kan bli underkompensert i mangel på midlar. 40% i støttesats vil også vere uheldig ved at kjøpmenn faktisk får betre «bruttoforteneste» med støtteordninga enn om dei har ordinært salg.
6. Covid-19 har skapt ein situasjon som er så alvorleg og ekstraordinær at regjeringa i mars og april har stengt ned store deler av samfunnet. Då spør vi oss; Regelverket for bagatellmessig støtte er utforma ut frå ein normalsituasjon i samfunnet. No er vi inne i ein ekstraordinær situasjon heilt ulikt noko anna vi har vore bort i før. Burde ein ikkje då, i ein slik situasjon, også sette regelverket for bagatellmessig støtte til side når mykje anna i samfunnet vert sett til side?

Saka er at det kan få uheldige følgjer for butikkar som er nær grensa for bagatellmessig støtte på 200.000 euro, dersom desse får stopp i støtta. Dette er gjerne butikkar som har gjort store investeringar og sit med høge lån og er ekstra sårbare for reduksjon i innteninga.

Andre butikkar kan møte problemet når samfunnet blir opna opp igjen. Har ein fått støtte pga av Covid-19 og i tillegg investeringsstøtte m.m. og slik når taket på bagatellmessig støtte, så kan ein oppleve at butikkar får stopp i ordinær investeringsstøtte. Dermed blir ein hindra i å gjere viktige utviklingstiltak i butikken og bygdesamfunnet i etterkant av epidemien. Dette slår uheldig ut.

Vil difor gjere framlegg om, i den situasjon vi er i, å undersøkje nærare om støtteordninga

kan få unntak frå regelverket om bagatellmessig støtte. Vi er i ein situasjon der store bedrifter kan få støtte, i ei eller anne form, utover den bagatellmessige støtta på 200.000 euro og då vil det verke uheldig om støtta til dei minste bedriftene vert definert som bagatellmessig støtte.

Førde, 27. april 2020

**Ronny Mowatt**  
Merkurkonsulent



Firdavegen 6, Boks 200, 6801 Førde  
Mobiltilf: 971 65 670  
WEB: [www.merkur-programmet.no](http://www.merkur-programmet.no)

LIK vår Facebook-side  
og hald deg oppdatert på alle nyheiter:  
[Merkur-programmet - for butikken og bygda](http://www.merkur-programmet.no)